



Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

KOMM. OG REG. DEP	
04 NOV 2005	
05/15 94-80	
Ark	6 50 0
Avd.	KO / KJ / DV

Høyring - Lokaldemokratikommisjonens første utredning NOU 2005:6 - Samspill og tillit - om staten og lokaldemokratiet


Eg viser til departementets høyringsbrev datert 2.5.05.


Fylkesmannen i Møre og Romsdal finn i hovudsak - og i alle konklusjonar - å kunne slutte seg til høyringsuttalen av 28.9.05 frå Fylkesmannen i Vestfold. Dei erfaringane som er omtala frå kommunesamarbeidet/-dialogen i Vestfold samsvarar med våre erfaringar i samarbeidet/dialogen/tilsynet m.v. med kommunane her i Møre og Romsdal.

Sjølv om vi og finn utgreiinga god og interessant og er (som Vestfold) samd i ein god del, er våre største innvendingar/motførestillingar følgjande - kort oppsummert:

- Utgreiinga viser uvanleg mangelfull kjennskap til statens eige regionale forvaltningsapparat (fylkesmannsembeta) og deira arbeid i høve til kommunesektoren
- Å innføre ei klar grensdragning mellom råd/retteleiing til - og tilsyn med kommunesektoren, vil verke direkte negativt inn på statleg måloppnåing ute i kommunane.
- Omsynet til ivaretakinga av enkeltinnbyggjarens rettstryggleik må gå framfor omsynet til det kommunale sjølvstyre.

Med helsing


Ottar Befring


Kjeld Brecke

Kopi: Fylkesmennene